

Dato 7.2.2022
Dokumentnamn Framlegg på kandidatar til ekstraordinært årsmøte 2022
Leiar valkomitéen Mats Systaddal, +47 97460697
e-post mats.willemoes.systaddal@hyllestad.kommune.no

Til kommunane i Vestland fylke v/ ordførar, med kopi til kommunedirektør,

KANDIDATAR TIL VERV I NORSK KULTURSKOLERÅD VESTLAND

Me syner til utsendt skriv frå rådgjevar på vegne av fylkesstyret i Norsk kulturskoleråd Vestland.

Valkomitéen i Norsk kulturskoleråd Vestland har starta arbeidet med å førebu ekstraordinært årsmøte 7. mars. Sjå skriv frå fylkesavdelinga og protokoll frå styremøte 2022.01 sak 2022.06. Frist for å sende inn framlegg på kandidat til styreleiar er fredag 18. februar til valkomiteen sin leiar.

I sitt arbeid vil valkomitéen leggje vekt på stilling, geografi, kjønnsfordeling, kompetanse, nettverk, alderssamansetjing og kontinuitet. Også endringskompetanse, medverknadskompetanse og arbeidsgjevarkompetanse er relevant å vurdere.


Den som blir vald til styreleiar får automatisk fast plass i Kulturskolerådet sitt hovudstyre. Helga Pedersen er leiar og Terje Lindberg nestleiar.

Framlegg på kandidatar vert å grunngje, og lyt innehalde utdrag frå kandidaten sin CV med vekt på bakgrunn og kvalifikasjonar.

Spørsmål om innhald og forventningar til vervet, kan svarast av underteikna eller fylkesrådgjevar Kristin Geiring e-post kristin.geiring@kulturskoleradet.no mobil 415 70 508.

Relevante dokument finn du på [nettsida](#) vår (vel Meny og Om oss); t.d. vedtektene, Larsenutvalget sin rapport, m.a. om honorar, og Strategi 2032. Her finns og hovudstyret og fylkesavdelingane sine egne sider.

Med helsing


Mats Systaddal

-leiar for valkomitéen i Norsk kulturskoleråd Vestland -